

Førde, 03.07.2013

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Norsk Grønnkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Botnaelva kraftverk i Flora kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 18.03.2013 og til sakspapira som vi har lasta ned via internett. Takk for at vi fekk utsett høyringsfristen! Ettersom 13 saker i Flora og Bremanger var på høyring om lag samstundes, var det viktig for oss å få utsett fristen for nokre av sakene. Men trass i utsettinga, vil nok høyringsfråsegnene våre bli noko mindre grundige enn vanleg. Vi har avgrensa administrativ kapasitet. Men vi skal prøve å få fram dei viktigaste problemstillingane.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.797. Løkkebø kraftverk ligg i Flora Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://flora.turistforeningen.no/>

Om friluftsliv i området:

I www.fylkesatlas.no er det registret 2 Regionalt viktige friluftsområde i nærleiken av utbygginga:

- Eitt av områda ligg sør, sørvest og søraust for Botnavatnet, anslagsvis over ca. kote 500. Endestadnipa er eitt av fleire viktige turmål i dette friluftsområdet. Bruken av området er omfattande, særleg til skiturar, men også for fotturar, bærplukking, fiske etc. Mellom andre Flora Turlag er ein aktiv brukar av området. Idrettslag er også (svært) aktive brukarar. Men truleg er den største delen av bruken uorganisert. Utgangspunkt for turane er mellom anna Humlestølen og Trollstova (ligg ved det høgste punktet på den gamle vegen over Ramsdalsheia). Vi reknar konflikten mellom utbygginga og dette friluftsområdet som ubetydeleg.
- Det andre området omfattar mellom anna stort sett heile Krokstadvatnet og ein del av området rundt vatnet. Sjølv utbyggingsområdet for kraftverket ligg like sør for dette friluftsområdet, men ein stor del av tilkomstvegen ligg inne i friluftsområdet. Etter det vi kjenner til, er det aller meste av bruken av dette området uorganisert. Mykje av bruken er vasstilknytt, med aktivitetar som bading, bruk av ulike slags båtar, og ikkje minst fiske. Men det er også ein del turgåing, bærplukking m.m. i området. Det er mange hytter rundt Krokstadvatnet, og det fører til auka friluftslivsbruk. Sannsynlegvis vil ikkje konfliktnivået mellom utbygginga og friluftslivet bli særleg høgt – **under den uttrykkelege føresetnaden av at lydisoleringa av kraftstasjonen vert svært god.** Vi reknar med at det vil bli umåteleg lite ”populært” viss støy frå kraftstasjonen skulle spreie seg utover vatnet, og enda verre, over til hyttefeltet på motsett side. Fiske frå robåt på kveldstid og i stilt vêr, er ein populær og viktig aktivitet. Men i slik samanheng vil eventuell støy frå ein kraftstasjon bli opplevd som svært negativt. Då er ”Naturens stillhet” ein viktig del av opplevinga, og sjølv om eventuell støy ligg godt under dei ”offisielle grenseverdiane”, vil den likevel bli oppfatta som (sterkt?) negativ.

Når det gjeld sjølv utbyggingsområdet, unnateke vegen, er friluftslivsbruken neppe særleg stor.



Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.2.4 Inntak: Vanlegvis er vi ikkje ”begeistra” for regulering i samband med småkraftutbyggingar, men sidan konfliktnivået med friluftsliv er så lågt, er det, sett frå vår synsstad akseptabelt i dette tilfellet.

2.2.5 Vassvegen: For å redusere inngrepa mest mogeleg, vil det heilt klårt vere det beste å bruke boretunnel på den øvste vanskelege strekninga til ein kjem ned i flatare terreng, anslagsvis rundt kote 230. (Må synfarast i terrenget.) **Vi ber NVE vurdere om det skal stillast krav om dette.** Bruk av røyrgate i dagen er lite ønskjeleg, men klamring av røyr til fjellet utan vesentleg sprenging, og så heil eller delvis tildekking av røyret med lausmassar, kan i enkelte tilfelle vere meir miljøvenleg enn å sprengje ei grøft ned i fjellet. Dette må eventuelt vurderast ”i terrenget”. Vi ber NVE om å vurdere slike spørsmål i samband med sluttsynfaringa, og i samband med detaljplanen.

2.2.6 Kraftstasjonen: Det hadde vore ønskjeleg om kraftstasjonen kunne bli plassert på oppsida (helst) eller på nedsida av den nedste fossen, slik at vatnet kunne renne i det naturlege elvelaupet det siste korte stykket ned i vatnet. Men ettersom vi ikkje har vore på synfaring, er vi usikre både på om dette går i praksis og på kor viktig dette eventuelt er. **Vi ber NVE vurdere spørsmålet under sluttsynfaringa.**

At lydisolering av kraftstasjonen er svært viktig i denne saka, har vi alt nemnt.

2.2.8 Vegbygging: Vegen fram til kraftstasjonen representerer eit stort inngrep. For å redusere den visuelle verknaden av dette, er det viktig å sette av skog mellom vegen og vatnet for å hindre innsyn. Av kartet ser vi at dette kan bli vanskeleg på den aller siste strekninga fram til kraftstasjonen, men lenger aust må dette vere relativt enkelt å få til, viss ein passar på å gjere det. Kanskje kan ein få det til på enkelte delar av den siste delen mot kraftstasjonen også?

Det er positivt, og viktig, at anleggsvegen langs røyrгатetraseen skal fjernast etterpå. Viss ein brukar boretunnel på den øvre delen, kan inngrepa frå denne delen av anlegget bli enda mindre.

Kommentarar til konsekvensane av utbygginga:

3.5 Raudlistearter og 3.6 Terrestrisk miljø: Dette er tema vi ikkje har vurdert. Vi ser av konsekvenssoeknaden at det her kan vere store konflikhtar, men dette reknar vi med at Fylkesmannen og NVE sine fagfolk vurderer. Vi har ikkje og nok fagkompetanse, dessverre.

3.7 Akvatisk miljø: Det er opplyst at det nedst i Botnaelva er ei strekning på 10 – 15 meter der fisk kan gå opp frå vatnet. Det som det ikkje står noko om, er om dette er eit gyte- og oppvekstområde for fisken. Viss det er det, kan det vere eit poeng å sleppe vatnet frå kraftstasjonen ut på oppsida av denne korte strekninga.

3.9 Landskap og INON: Det mest negative for landskapet i denne saka, er truleg tilkomststegen fram til kraftstasjonen. Viss ikkje arbeidet med bygginga av den vert gjort på ein veldig god måte i det til dels sterkt sidebratte terrenget, kan veginngrepa bli svært negative. Derfor må både trasevalet og framgangsmåten under bygginga tilleggast stor vekt!

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv først i fråsegna.

3.19 Samla vurdering: Det står her at biolog har vurdert konsekvensen for landskap. Har ein biolog kompetanse til å vurdere landskapskonsekvensar? Har biologen, sjølv utan kompetanse(?) gjort ei slik vurdering? Eller er det kanskje ingen som har vurdert desse konsekvensane???

Kommentarar til Avbøtande tiltak:

Ettersom Botnaelva fører med seg mat til fisken i vatnet, ville det vere ønskeleg med ei noko større minstevassføring. Vi viser elles til det vi tidlegare i fråsegna har skrive om ekstra god støydemping av kraftstasjonen..

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Konfliktnivået med friluftslivet er i denne saka ikkje så stort at Sogn og Fjordane Turlag ønskjer å gå mot bygging av Botnaelva kraftverk. Ut frå våre interesser, er utbygginga fullt ut akseptabel.

Der vi ser at konfliktnivået kan vere for høgt, er når det gjeld biologisk mangfald, inklusive raudlisteartar. Men på det fagfeltet er det andre, både hos Fylkesmannen og hos NVE, som har mykje større kompetanse enn oss til å gjere ei god vurdering.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)